

Søknad

Søknadsnr.	2016-0007	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
Prosjektnavn	Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lok			

Kort beskrivelse

Prosjektet skal kartlegge, registrere og analysere ressursgrunnlaget i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap for å utvikle ein metode for berekraftig og bruksretta besøksforvaltning med stor brukarmedverknad og høg involveringsgrad. Slik skal kunnskap og kompetanse overførast til og forankrast hjå dei kommunale og regionale plan- og forvalningsstyremaktene. Forskingrådet vurderer prosjektet til å gi betydeleg samfunnsnytte, regional relevans og addisjonalitet.

Prosjektbeskrivelse

Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling (2015-2017)

Nærøyfjorden verdsarvpark søker med dette på vegne av verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap om støtte til prosjektet Berekraftig besøksforvaltning og lokalsamfunns-utvikling (2015-2017). Søknad med likelydande informasjon og vedlegg går til frå Sogn og fjordane fylkeskommune, Møre- og Romsdal fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, samt dei 6 verdsarvkommunane Stranda, Norddal, Lærdal, Aurland, Vik og Voss. (Kaupanger er med i prosjektområdet som innfallsport til verdsarvfjordområdet avdi turistferga til Gudvangen går herifrå. Sogndal kommune er ikkje med i prosjektet).

Berekraftig utvikling i verdsarvområde

Reiselivet er av UNESCO vurdert som største trussel mot verdsarven, men også største moglegheit for verdiskaping i og inntil verdsarvområde. UNESCO krev besøksforvaltnings-strategiar og jamleg rapportering som syner at ein tek vare på verdsarverdien (innskrivne verdiar av «Outstanding Universal Value» forkorta til OUV). Slike metodar finst internasjonalt, men krev tilpassing til norsk verkelegheit. I forprosjektet "Besøksforvaltning og lokal reise-målsutvikling" (2013) vart det avdekkja behov for ein tilpassa metode for besøksforvaltning, ein ny type samfunnsplan.

Den overordna idéen for prosjektet er å kartlegge, registrere og analysere ressursgrunnlaget i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap for å utvikle ein metode for berekraftig og bruksretta besøksforvaltning med stor brukarmedverknad og høg involveringsgrad. Slik skal kunnskap og kompetanse overførast til og forankrast hjå dei kommunale og regionale plan- og forvalningsstyremaktene. Denne forma for besøksforvaltning er ny i Noreg.

Målet er å finne ein balanse mellom å ta vare på viktige verneverdiar, gje dei besøkande gode opplevelingar og auke den lokale verdiskapa. Dette vil gjere verdsarvrådet, kommunane og verneområdestyra i stand til å rapportere enklare til UNESCO og forvalte sjølve verds-arven (OUV) på ein berekraftig måte. Gjennom metoden vil kommunane kunne ta ei over-ordna rolle som

utviklingsaktør innan reiseliv, stadutvikling (stadinnovasjon), næringsutvikling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Det blir forska på kundane og deira behov, kundereisa, verdiskaping på stadtstå og tole-grenser, koordinert med andre pågående forskingsprosjekt i regionen. Funna formidlast i internasjonale fagtidsskrift og populærvitenskaplege artiklar, gjennom workshops, seminar, fagrapportar og bygdeverkstader. Slik når vi brukarane av metoden og sikrar overføringsverdi og praktisk nytte for norsk forvaltning.

Sluttprodukt:

- 1) Utkast til besøksforvaltningsplan med handlingsdel for Vestnorsk fjordlandskap som ivaretok unike natur- og kulturlandskap, levande kultur og lokalsamfunn. Planen skal implementerast i det offentlege plansystemet.
- 2) Grunnlag for rapportering: Dokumentasjon om stoda for verdsarven (OUV) når det gjeld reiseliv, gjennomføring av tiltak og rapportering til UNESCO (kvart 6. år)

Rammer for prosjektet

Opprinnelag budsjett var på totalt 6 900 000 kr. Vi søkte om 3 000 000 kr og fekk 2 200 000 kr i støtte frå regionalt forskingsfond Vestlandet (RFFVEST). Ekspertpanelet gav prosjektet hovudkarakter 6, og verdiskapingspotensialet for bedriftspartnarar (Vestnorsk fjordlandskap og kommunane) fekk karakter 7 (karakterskalaen går frå 1 til 7, der karakter 7 er høgaste verdi). Alle delar av prosjektet vart vurdert som viktig, men vi fekk likevel 800 000 kr mindre enn det vi søkte om. Dette skuldast mange gode søknadar og rådet valde å støtte fleire prosjekt, utan å gje nokon full pott. Det vart antyda at vi ville oppnå målet sjølv om utviklings- og mobilliseringsarbeidet vart noko nedjustert. Vi har difor redusert aktivitetar tilsvarende, for å få godkjent prosjektet.

Vi har teke ut tiltak og aktivitetar som gjer det framleis mogleg å gjennomføre planprosessen og utvikle metoden og sjølve planen (primæroppgåva). Det inneber at forankringsprosessen og heilskapsomsyn blir noko svekka. Av planlagde aktivitetar i 2015 har vi m.a. redusert innsatsen med å operasjonalisere OUV-en, redusert noko på forskinga, og studietur til UNESCO-område i Sveits (mobilisering og kompetanseheving for lokale aktørar). For 2016 har vi redusert noko på formidling, og for 2017 har vi teke ut ei planlagd internasjonal konferanse om besøksforvaltning i verdsarv-område. Vi håpar og trur vi kan finne andre måtar å finansiere desse viktige tiltaka på.

Denne søknaden

Vi søker om støtte til delfinansiering av prosjektet, slik det framgår av søknaden til RFFVEST og revidert budsjett. I tillegg til eigeninnsats i prosjektet, søker vi dei tre fylkeskommunane om til saman 300 000 kr (prosjekt-år 2015-2017, denne søknaden) og dei 6 kommunane om til saman 640 000 kr over tre år. (140 000 kr frå Aurland kommune, 100 000 kr frå dei andre). Vi søker også om støtte frå UNESCO-kommisjonen/Miljødirektoratet/andre på til saman 50 000 kr (restsum finansiering).

Sjå vedlegg om korleis prosjektet er forankra i verdsarvrådet og kommunane, og kven som er med frå dei ulike partane i prosjektet. Dette varierer noko etter kven som er politisk valde, vi har difor lagt ved protokollar frå verdsarvrådsmøte med deltarlistar, slik at de kan sjå kven det er som kjenner til sakene i dykkar organisasjon. Vi har også lagt ved ein statusrapport frå arbeid i prosjektet i 2015, sendt Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFFVEST)

Landskapsressursanalysen (LRA) som blir lagt til grunn for vidare analysar og utkast til strategiar for besøksforvaltning blir levert på nyåret 2016 (vi samordnar desse to prosjekta). Ein del analysar som byggjer på dette grunnlaget er difor utsett frå 4. kvartal 2015 til fyrste kvartal 2016.

Det er kommunane og verneområdeforvaltninga som veit kvar skoen trykker og som skal vere med å utforme det planverktyet vi treng både på kort og lang sikt. Vi ynskjer difor eit nært samarbeid med planmiljøa i alle kommunane og følgjer opp innspel frå Lærdal kommune og kallar inn til eit eige «planforum» med dei og andre frå referansegruppa i prosjektet i januar.

Nærøyfjorden verneområdestyre «søkjer Miljødirektoratet om kr. 300 000 til kunnskapsinn-henting for analyse av sårbare naturverdiar i verneområda i Nærøyfjordområdet. Analysen skal nyttast i samband med besøksforvaltning i verneområda i Nærøyfjordområdet» (ref. frå møte 17.12.15, sak 33/15). Det er mogleg verneområdestyret i Geirangerfjordområdet vel å gjere det same.

Resultatformidling 2015

Formidlingstiltak gjennomført mot relevante målgrupper: 43.

Allmennretta formidlingstiltak: 19.

Oppslag i massemedia: 16.

Publikasjonar: 8.

Sjå fleire vedlegg der forankring, formidling og linkar til presentasjonar av prosjektet også ligg ved.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nærøyfjorden Verdsarvpark Org.nr:992413999	Heradshuset 5745 AURLAND	95172595
Kontakt- person	Hanne Lykkja	Heradshuset 5745 AURLAND	48272152
Prosjekt- leder	Hanne Lykkja	Heradshuset 5745 AURLAND	48272152

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Vi har fått støtte til prosjektet frå Vestnorsk forskingsfond RFFVEST.

Prosjektet har tidlegare fått støtte til forprosjekt gjennom RFFVEST.

Landskapsressursanalyse (LRA) for Vestnorske fjordlandskap er eit grunnleggande arbeid som leverer viktige bakgrunnsdata til dette prosjektet. Landskapsressursanalysen er støtta av Sogn og fjordane fylkeskommune. LRA blir levert i løpet av fyrste kvartal 2016, men delresultat er gjort tilgjengeleg tidlegare og teke i bruk i prosjektet.

Sogn og fjordane fylkeskommune har godkjend eigeninnsats i prosjektet tilsvarande 50 000 kroner i prosjektperioden. (Svein Arne Skuggen Hoff har godkjend at Elisabet Kjerstad Bøe er medlem av referansegruppa og kan delta på folkemøte, konferansar mv.)

Spesifikasjon

Bakgrunn

Berekraftig utvikling i verdsarvområde

Reiselivet er av UNESCO vurdert som største trussel mot verdsarven, men også største moglegheit for verdiskaping i og inntil verdsarvområde. UNESCO krev besøksforvaltnings-strategiar og jamleg rapportering som syner at ein tek vare på verdsarverdien (innskrivne verdiar av «Outstanding Universal Value» forkorta til OUV). Slike metodar finst internasjonalt, men krev tilpassing til norsk verkelegheit. I forprosjektet "Besøksforvaltning og lokal reise-målsutvikling" (2013) vart det avdekka behov for ein tilpassa metode for besøksforvaltning, ein ny type samfunnsplan.

Den overordna idéen for prosjektet er å kartlegge, registrere og analysere ressursgrunnlaget i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap for å utvikle ein metode for berekraftig og bruksretta besøksforvaltning med stor brukarmedverknad og høg involveringsgrad. Slik skal kunnskap og kompetanse overførast til og forankrast hjå dei kommunale og regionale plan- og forvaltningsstyremaktene. Denne forma for besøksforvaltning er ny i Noreg.

Målet er å finne ein balanse mellom å ta vare på viktige verneverdiar, gje dei besøkande gode opplevelingar og auke den lokale verdiskapa. Dette vil gjere verdsarvrådet, kommunane og verneområdestyra i stand til å rapportere enklare til UNESCO og forvalte sjølve verds-arven (OUV) på ein berekraftig måte. Gjennom metoden vil kommunane kunne ta ei over-ordna rolle som utviklingsaktør innan reiseliv, stadutvikling (stadinnovasjon), næringsutvikling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Det blir forska på kundane og deira behov, kundereisa, verdiskaping på stadt-nivå og tole-grenser, koordinert med andre pågående forskningsprosjekt i regionen. Funna formidlast i internasjonale fagtidsskrift og populærvitenskaplege artiklar, gjennom workshops, seminar, fagrapportar og bygdeverkstader. Slik når vi brukarane av metoden og sikrar overføringsverdi og praktisk nytte for norsk forvaltning.

Prosjektmål

Hovudmål:

Å etablere kunnskapsgrunnlag for å utvikle arbeidsmetodar og forvaltingsreiskap som grunnlag for aktiv og kunnskapsbasert besøksforvaltning i norske lokalsamfunn, med verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap som case.

Delmål:

- 1) Framskaffe systematisk kunnskap om besøk og lokal verdiskaping som kan inngå i framtidige besøksstrategiar
- 2) Frambringe ny kunnskap om forvaltinga sin struktur og funksjonsmåte som gjev aktørane grunnlag for å utvikle ei kunnskapsbasert, koordinert og heilskapleg samfunnsplanlegging for forvaltning av besøk.
- 3) Identifisere verdsarven (operasjonalisere verneverdiane/OUV)
- 4) Utvikle ein metode og planprosess for besøksforvaltning som involverer aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, synleggjer mogleheter for lokal verdiskaping, stadinnovasjon og berekraftig utvikling

5) Forankre arbeidet slik at besøksforvaltningsplanen blir implementert i kommunale- og regionale planar (Plan- og bygningslova) og verneplanar (Naturmangfoldloven)

Sluttprodukt

1) Utkast til besøksforvaltningsplan med handlingsdel for Vestnorsk fjordlandskap som ivaretak unike natur- og kulturlandskap, levande kultur og lokalsamfunn. Planen skal implementerast i det offentlege plansystemet.

1) Grunnlag for rapportering: Dokumentasjon om stoda for verdsarven (OUV) når det gjeld reiseliv, gjennomføring av tiltak og rapportering til UNESCO (kvart 6. år)

Forankring

Forankring i verdsarvrådet:

Søknaden er forankra i verdsarvrådet, som er eigar av prosjektet. Nærøyfjorden verdsarv-park er prosjektansvarleg på vegne av verdsarvrådet og har jamleg orientert om utviklinga av prosjektet gjennom forstudie, forprosjekt og hovudprosjekt. (Sjå og vedlagde protokollar).

Her følgjer utdrag frå protokollar frå møte i Verdsarvrådet (VAR) med orienteringar og vedtak vedr. forprosjekt og seinare hovudprosjekt "Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap»:

Vedtak om oppstart av forprosjekt:

Bergen, Flesland flyplass, 3. februar 2011, sak VF 02/11:

«Samrøystes semje i VAR: VAR støttar oppstarten av eit forprosjekt på utvikling av ein besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, som mellom anna skal kartlegge kva som fins av slike planar andre stader. Nærøyfjorden Verdsarvpark har finansiert forprosjektet og vil invitere med Geiranger-fjorden Verdsarv etter kvart».

Vedtak om å gå vidare med prosessen og jobbe fram ein hovudprosjektsøknad:

«Voss kulturhus, Voss, 3.mai 2012, sak VF 02/12:

Fylgjande grunnlagsnotat låg føre til møtet:

- Strategi for utvikling av besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap av 21.04.12.
- Strategi for utvikling av verdsarvhus i Nærøyfjorden Verdsarvpark av 14.04.12.
- Notat om utvikling av UNESCO-kompetancesenter av 13.04.12.

Prosjektleiar Hanne Lykkja gjekk gjennom notata og orienterte om status og vidare framdrift. Ei førebels tilbakemelding frå møtelyden gjekk på at reiselivsnæringa ikkje er repr. i rådet . Det er difor svært viktige å involvere og inkludere desse aktørane i det vidare planarbeidet.»

Voss kulturhus, Voss, 4.mai 2012, sak VF 04-12:

«Det er viktig med både formidlingsplan og besøksforvaltningsplan. Verdsarvstatusen må vidare nyttast til positiv omdømmebygging. Verdsarvrådet vart med grunnlag i framlagt orientering dagen før og drøftingar samde om fylgjande:

Verdsarvrådet sluttar seg til det vidare planarbeidet knytt til forprosjektet. Stiftingane tek sjølv stilling til engasjement og omfang av innsats i planarbeidet.»

Vedtak med full tilslutning om strategi og søknad til RFFVEST frå verdsarvrådet:

Bergen, Statens Hus, Bergen S.,13. november 2013, sak VF 14/13 -2:

«Hanne Lykkja, Aurland Naturverkstad, orienterte om status i forprosjektet – sjå vedl. presentasjon.

Synspunkt og innspel frå møtelyden:

Besøksforvaltningsplan er ein stor jobb som kan bli oppfatta som noko abstrakt. Kan vere ein god ide de å sjå til Jotunheimen og kva dei gjer i høve til besøksstyring/-leiing der. Byggjer på gjesteunder-søkingar.

Samfunnsplanlegging på forskingsnivå er vanskeleg, men det er viktig å balansere dei ulike ike inter-essene i området. Stor skilnad mellom kommunane – kor tid er nok nok kontra stadig auka vekst? Dette vil samstundes kunne gje berekraftig utvikling ei meining utover grønvasking av cruiseindustrien

Fjorden er i ferd med å møte ”veggen”; kor tid når vi eit tolegrense? Finst det noko grense? Korleis is skape motevekt til volumturismen? Tida er absolutt moden for reguleringar/begrensingar. Dette kan igjen føre til auka øk. verdiskaping knytt til auka pris.

Viktig å få med næringa/reisemålsselskapet i dette arbeidet men kven ynskjer vi velkomne; korleis is involverer vi dei relevante aktørane? Det er like mange meiningar som verksemder og mange er seg sjølv nok.

Skal vi kunne opptre med rak rygg i framtida er det viktig at vi blir einige om ei felles retning og strategi. Dette må på den politiske agendaen; kommune – og fylkesekspolitikarane må difor involverast.

Verdsarvrådet sluttar seg til det vidare arbeidet og tek orienteringa til vitande.»

Forankring i kommunane og verneområdestyra:

Kommunane har gjennom Verdsarvrådet sagt at dei ynskjer å samarbeide med prosjektet og jobbe inn tiltak og strategiar i sine kommunale strategiar, overordna planar og handlings-planar. Jf. vedtaka ovanfor. Dei fleste har innarbeidd dette i sine overordna planar. Døme:

Forankring i kommunane, døme:

Aurland kommune har innarbeidd satsing på besøksforvaltning i sin vedtekne næringsplan.

I Utviklingsprogrammet, kap 3.2 i har kommunen vedteke følgjande satsingsområde:

- «Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning: ei form for samfunnplanlegging der kommunen tek rolla som utviklingsaktør og legg til rette for ein bruk som naturen og verdsarven tålar, eit reiseliv som kjem lokalsamfunna til gode og eit næringsliv som har fokus på lokal verdiskaping. I denne satsinga ligg konkrete tiltak som Verdsarvhus, utvikling av Fjordportalen, verdsarvsenter m.v.»

Kommuneplanleggjar bekrefta samarbeid med besøksforvaltningsprosjektet i brev 17.12.15:

- «Vi vil sjå nærmare på å samordne dette arbeidet inn i mot dei prosessar Aurland skal ha med rullering av planstrategi, samfunnsdel og arealdel, kulturminneplan, samt prosess Undredal sentrum og Flåm sentrum».

Lærdal kommune: Vi har hatt møte med planforum i Lærdal no i desember, der dei konkluderte med at dette arbeidet med fordel kan samordnast med deira arbeid innan:

- Næringsplan, næringsutvikling og ressursgruppa for reiseliv.
- Samfunnsplan – overordna grep.
- Arealdelen i kommuneplanen – informasjon fokusområde, reiseliv, landbruk og arealbruk.
- Kulturminneplan – kulturminne som ressurs.
- Samordna virkemiddelbruk vedr. fellesgodefinansiering og plangjennomføring.
- Samordning av folkemøte og
- Samordna planmøte med fagfolka i kommunane i nord- og sørrområdet.

Det er kommunane og verneområdeforvaltninga som veit kvar skoen trykker og som skal vere med å utforme det planverktyet vi treng både på kort og lang sikt. Vi ynskjer difor eit nært samarbeid med planmiljøa i alle kommunane og følgjer opp innspel frå Lærdal kommune og kallar inn til eit eige «planforum» med dei og andre frå referansegruppa i prosjektet i januar.

Forankring i verneområdestyra

Nærøyfjorden verneområdestyre «søkjer Miljødirektoratet om kr. 300 000 til kunnskapsinn-henting for analyse av sårbare naturverdiar i verneområda i Nærøyfjordområdet. Analysen skal nyttast i samband med besøksforvaltning i verneområda i Nærøyfjordområdet» (ref. frå møte 17.12.15, sak 33/15). Det er mogleg verneområdestyret i Geirangerfjordområdet vel å gjere det same.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap ved ordførarane/repr. for ordførarane i frå dei seks kommunane med bisitjarar: Norddal kommune, Stranda kommune, Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Voss kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Miljødir-ektoratet, Riksantikvaren (RA), Miljøverndepartementet (MD), Statens Naturoppsyn (SNO)

Prosjektansvarleg:

Sekretariatet for verdsarvrådet v/dagleg leiar i Nærøyfjorden verdsarvpark, Erling Oppheim og prosjektleiar Hanne Lykkja.

Prosjektstyre: Leiar og nestleiar i verdsarvrådet, Hans Erik Ringkjøb, Voss og Jan Ove Tryggestad, Stranda. Dagleg leiar i dei to verdsarvstiftingane: Erling Oppheim, Nærøyfjorden verdsarvpark og Katrin Blomvik, Geiranger Verdsarvfjord.

Samarbeidspartnere

Dei fleste samarbeidspartnerane er anten eigarane av prosjektet eller direkte eller indirekte med i referansegruppa.

Referansegruppe:

Odd Inge Vistad NINA Lillehammer (FoU-arbeid Svalbard mm). Trygve Steen, Arktisk kompetanse (tidl. reiselivsaktør Svalbard). Anne Randi Farnes Visit Sognefjord. Ingunn Sørnes, Innovasjon Norge. Ove Skjelstad, Destinasjon Geirangerfjord. Linn Myrvold, Verneområdeforvaltar nordområdet. Anbjørg Nornes, Verneområdeforvaltar sørrområdet. Peter Debrine, UNESCO WHC., Paris. Ivar Petter Grøtte, Vestlandsforskning. Elisabet Kjerstad Bøe, Sogn og Fjordane fylkeskommune, plan og samfunnsavdelinga. Inge Bjørdal, næringsjef Stranda kommune. Jan Olav Møller, planleggjar Aurland kommune. Magnhild Aspvik, jordbruksjef Lærdal kommune. 3 planleggjarar/repr frå adm. frå Vik, Voss, og Norddal kommunar. 1 repr. for kultur på fylkesnivå.

Andre prosjekt som vi samarbeider med er td. forskingsprosjekt, FoU-institusjonar og deira studentar som anten kjem på studietur eller har oppgåver i området. Like viktig er nært samarbeid og koordinering av arbeid med andre prosjekt med liknande problemstillingar som td. "Felles cruisestrategi for Vestlandet".

Aktiviteter

Delprosjekt

- 1) Prosjekt og prosessleiring, arb.gr/ref.gr/workshop PL
- 2) Forankring, mobilisering, bygdeverkstader PL, PE, AN, kommunar, næringsliv/dest.selskap/verneområdeforv.
- 3) Mobilisering – forankring, førebuing og finansiering stuidetur PL
- 4) Forvaltning og lokal verdiskaping, førebuing feltarbeid, intervju, workshop, analyse, vitsk./pop.vitsk. artiklar NMBU
- 5) Operasjonalisering OUV (Verdsarvverdien) PE, PL, AN
- 6) Gjesteundersøking, 6 bygder i kvart område. TØI
- 7) Undersøking av verdiskaping lokalt (6 bygder x 2 omr) TØI
- 8) Analyse/rapportering besøk/verdiskaping, artikkel TØI
- 5) Operasjonalisering OUV (Verdsarvverdien) PE, PL, AN
- 9) Besøksforvaltningsplan strategi og tiltak. PL, AN
- 10) Kart og trykt kortversjon utkast/seminar. PL, AN, PE
- 11) Seminar funn+metode. Førebuing, skaffe finansiering Populærvitsk. formidling.. PL, AN, PE
- 12) Rapport metode og FoU-prosjekt, sluttrapport. PE, PL, AN

(Sluttrapport prosjekt med regnskap i 2018 kjem i tillegg)

Målgrupper

Målgruppene er dei same som våre samarbeidspartnarar. Dei er involvert og integrert i heile prosessen: prosjekteigarane, medarbeidarar i undergrupper, arbeidsgrupper, referansegrupper mv. sjå organisering.

Resultat

Felles kunnskapsgrunnlag der vi har utvikla arbeidsmetodar og forvaltingsreiskap som grunnlag for aktiv og kunnskapsbasert besøksforvaltning i norske lokalsamfunn, med verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap som case.

1. Systematisk kunnskap om besøk, besøksgrupper og deira kundereiser, samt lokal verdiskaping som kan inngå i framtidige besøksstrategiar, ligg føre gjennom gjesteundersøkingar og analysar av verdiskaping frå ulike gjestegrupper på stadnivå.
2. Ny kunnskap om forvaltninga sin struktur og funksjonsmåte gjev aktørane grunnlag for å utvikle ei kunnskapsbasert, koordinert og heilskapleg samfunnsplanlegging for forvaltning av besøk. Kunnskapen er framkomen gjennom analysar frå FoU-miljø i nær dialog med aktørane i den lokale forvaltninga.
3. Vi har bidrøge til å identifisere verdsarven (operasjonalisering av verneverdiane/OUV) for reiseliv. Dette som ein fyrste generasjons inndeling som er kvalitetssikra gjennom nært samarbeid med internasjonale FoU-miljø og UNESCO sentralt.
4. Vi har utvikla ein metode og planprosess for praktisk og bruksretta besøksforvaltning som involverer aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, der vi har synleggjort moglegheiter for lokal verdiskaping, stadinnovasjon og berekraftig utvikling
5. Vi har gjennom nært samarbeid og involvering av aktørane forankra arbeidet slik at besøksforvaltningsplanen blir implementert i kommunale- og regionale planar (Plan- og bygningslova) og verneplanar (Naturmangfoldloven)

Effekter

Dersom vi oppnår dei måla vi har sett oss, vil prosjektet - og prosessane som er sett i gang - gjere til at lokal og regional forvaltning allereie har bidrige til å utvikle - og fått trening i - og teke ein aktiv rolle i strategisk arbeid og metode som sikrar meir heilskapleg forvaltning, betre styring og langsiktig planlegging. Kunnskap og erfaring vil vere att i organisasjonane når prosjektperioden er over.

Gjennom metoden vil kommunane kunne ta ei overordna rolle som utviklingsaktør innan reiseliv, stadutvikling (stadinnovasjon), næringsutvikling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Sluttproduktet blir eit utkast til besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap som skal implementerast i det offentlege plansystemet. Det blir også ein metode som Verdsarvrådet kan legge til grunn når dei skal rapportere om verdsarvstatusen til UNESCO kvart 6. år.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

sjå vedlegg 1) Søknad

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
1) Prosjekt- og prosessleiring	490 000	245 000				735 000
8) Analyse besøk og verdiskaping	150 000	100 000				250 000
Sum kostnad	640 000	345 000				985 000

Vi har vald å velje ut desse to postane som grunnlag for rapportering til fylkeskommunen. Dette avdi det elles vil ta uforholdsmessig mykje tid å bryte opp og legge inn heile kostnadsplanen i dykkar system. Vi viser til at dette er utdrag av to postar i kostnadsplanen for prosjektet og viser til vedlagde kostnadsplan godkjend av Vestnorsk forskingsfond (RFFVEST), presentert i vedlegg 1) SØKNAD

Ved ev. tilsagn bed vi om å få utbetalt 75% av tildelt beløp i 2016, for å få ein likviditet som står i forhold til aktiviteten i prosjektet.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigne midlar	565 000	320 000				885 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	75 000	25 000				100 000
Sum finansiering	640 000	345 000				985 000

Vi legg denne delen av finansieringsplanen til grunn for rapportering til dykk. Dette er utdrag av vedlagde finansieringsplan godkjend av Vestnorsk forskingsfond (RFFVEST) vedlegg 1) SØKNAD. Dette er gjort for å ikkje bruke unødvendig tid på å bryte opp heile planen for å tilpasse den til dykkar elektroniske system. Vi bed om rask tilbakemelding dersom de ikkje godkjenner at vi bed om støtte til denne delen av prosjektet og delar det opp på denne måten.

Geografi

1417-Vik, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
0 - Følgebrev Sogn og Fjordane fylkeskommune - SØKNAD om støtte til besøksforvaltningsprosjektet 2015-2017.pdf	119 309	11.01.2016
1 - SØKNAD Sogn og Fj, Hordaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar.pdf	1 182 991	11.01.2016
2 - rapport til RFFVEST_ 245325_status2015.pdf	240 263	11.01.2016
3 - Verdsarvrådet Møtereferat Bergen, Flesland, 3 jan 2011.pdf	265 688	11.01.2016
4 - Verdsarvrådet Møtereferat Voss 3-4 mai 2012.pdf	237 151	11.01.2016
5 - Verdsarvrådet Møtereferat Bergen, Statens hus, 13 nov 2013.pdf	339 129	11.01.2016
6 - Verdsarvrådet Møtereferat Flåm 21-21 august 2015.pdf	130 646	11.01.2016
7 - Vedlegg til SØKNAD om støtte til besøksforvaltningsprosjektet - kopi kommunar og fylkeskommunar i Vestnorsk fjordlandskap.pdf	134 446	11.01.2016
8 - Vedlegg til SØKNAD besøksforvaltning - kopi alle tre fylkeskommunar i Vestnorsk fjordlandskap.pdf	118 585	15.01.2016